

Oslo Rød Valgallianse
ARKIVEKSEMPLAR

Skal ikke fjernes fra arkivet!

1. Den store utfordringen

"Utfordringen er denne :

Vi skal i fellesskap bringe Norge gjennom den vanskeligste økonomiske perioden i verden siden den andre verdenskrigen ved å

- sikre arbeid for alle,
- opprettholde og utdype den standarden som er skapt i vårt velferdssamfunn,
- bidra til større likestilling og bedre forhold for grupper som atår svakt.

For å møte denne utfordringen trengs en bred mobilisering av innsats fra alle grupper i samfunnet. Vi må ha en fast styring av utviklingen og vilje til å si nei til mange krav for å kunne si ja på de områdene som er viktigst.

.
Arbeid for alle er et krevende mål når det er massearbeidsløshet i andre land- Vi må få bedre resultater av det vi satser av arbeid og kapital i næringslivet - produktiviteten må økes. Det koster, andre oppgaver må vike. " (Regjeringas langtidsprogram 1982-85, side 1. Heretter bare kalt LTP i kildehenvisningene).

Språkleg sett har Harlem Bruntland fått samme som problem som Enhver Hoxha i Albania. Han fann ikkje ord for å forklare korleis enheta blei enda større i det partiet som frå før var prega av monolittisk enhet-. Bruntlands variant er "større likestilling" som språkleg sett er meningslaust. Siste del av sitatet er derimot klart og konkret :

"Bedre resultater" osv. i næringslivet betyr kort og enkelt at profitten må aukast. Det er m.a.o. kapitalismens gamle grunnlov som DNA-regjeringa no har oppheva til sosialdemokratisk program : Andre omsyn må vike for å oppnå maksimal profitt i næringslivet.

Dette opplegget frå regjeringa understreker kor farleg og feilaktig det vil vere å sjå helse- og sosialpolitikken isolert frå den almenne økonomiske politikken.

Banksjefen i Christiania Bank og Kredit kasse gjorde nyleg greie for kva han trur blir DNA-regjeringas svar på 80-års utfordring :

"En norsk kapitaleksport på bortimot 600 milliarder kroner er sannsynlig i løpet av tiåret som starter i 1985. . . Banksjef Moursund anse det som realistisk mål å hente 10 prosent av Norges fremtidige disponible inntekter fra avkastningen på norske investeringer i utlandet. Han karakteriserte forøvrig den norske økonomi som en av verdens sterkeste".

(Banksjef Tor Moursund i foredrag i det norsk - amerikanske handelskammer i New York, 9. april 1981. Sitert her etter Aftenposten 10.4.)

Ein omfattande økonomisk omfordelingspolitikk er ein av føresetnadene for at det skal gå slik banksjef Moursund reknar med.

2. Den store omfordelingspolitikken.

Noreg har hatt etter måten stadig økonomisk vekst i lang tid. Nasjonalproduktet har auka frå år til år. Produktiviteten i industrien har auka kvart år, med eit muleg avbrekk i åra 1975-77.

Kvart år blir det altså skapt større verdiar enn før. Det blir meir å dele på enn i fjoråret. Derfor har dei aller fleste sektorane i norsk økonomi vekst samanlikna med året før. Men spørsmålet er om fordelinga blir forandra. Kva for sektorar veks seinare enn nasjonalproduktet.

I desember la DNA-regjeringa om den økonomiske politikken 180 grader. Derfor er 1977 eit bra år for samanlikning. Vi kan få eit mål på forandringane ved å sjå på kor stor prosentdel privat forbruk og offentleg forbruk var av Bruttonasjonalproduktet (BNP) kvart år.

<u>Privat forbruk i % av BNP.</u>		<u>Offentleg forbruk i % av BNP.</u>
1977	54,2	20,2
1978	52,0	20,4
1979	50,2	19,7
1980	47,1	19,0

(Kjelde : Nasjonalregnskapet for de ulike åra. Gjengitt i Økonomisk Utsyn over 1980, side 1 i tabelldelen).

På 1970-talet var privat og offentleg forbruk aldri ein så liten del av BNP som no i 1980. No sakkar både det offentlege og det private forbruket akterut, får mindre og mindre del av dei verdiane som blir skapt. Med andre ord, "andre oppgaver må vike", slik regjeringa slo fast i LTP.

Både regjeringa og Høgre seier at slike reduksjonar er nødvendig fordi det økonomisk går dårleg med "Bedriften Norge". Tiltrua til regjeringas politikk når det gjeld løn/skatt og alle slags fellesgoder, er avhengig av at folk trur et "Bedriften Norge" er svært dårleg stilt økonomisk. - Derfor må også mykje av denne innleiinga om helse og sosialpolitikk, dreie seg om almen økonomisk politikk.

Omfordeling av verdiskapinga i næringslivet.

Statistisk Sentralbyrå lagar kvart år oversyn over verdiskapinga i norsk næringsliv. (Ordet faktorinntekt betyr det same som verdiskaping).

"De foreløpige beregningene viser at den samlede faktorinntekten økte med hele 22 prosent fra 1979 til 1980. Korrigert for innenlandsk prisstigning er dette den sterkeste økningen i etterkrigstiden". (Økonomisk Utsyn over 1980, side 134).

Denne verdiskapinga blir grovt sett delt i to. Ein del blir betalt ut som løn og sosiale utgifter, resten blir igjen hos eigarane og blir brukt slik dei vil. Denne andre delen heitte før eigarinntekt, men for eit par år sida avgjorde leiinga i Statistisk Sentralbyrå at "driftsresultat" var eit meir nøytralt og tenleg ord. I alle fall, "driftsresultat" i 1980 er det same som eigarinntekt i 1978.

"Den kraftige økningen i driftsresultatene (eierinntektene) de to siste årene har ført til at lønnskostnadene i 1980 utgjorde bare vel 60 prosent av faktorerinntekten for bedriftene i alt, mot 74 prosent i 1978. Dermed er lønnsandelen for bedriftene på to år bragt tilbake til nivået fra begynnelsen av 1950-årene, etter å ha vært i nesten uavbrutt stigning i alle mellomliggende år".

(Økonomisk utsyn over 1980, side 135).

DNA-regjeringas økonomiske omlegging i desember 1977 har gitt resultat. Det er 30 år sia sist bedriftseigarane fekk rå over så stor del av verdiskapinga som dei gjer no.

Omfordeling av "Norges disponible inntekt"

"Norges disponible inntekt" er nettonasjonalproduktet fråtrekt renter og aksjeutbytte og stonader som går til utlandet. Altså den inntekt som fattig og rik ti i saman kan disponere i løpet av eit år.

"Disponibel inntekt for Norge steg med nesten 42 milliarder kroner fra 1979 til 1980. Dette gir . . . en reell stigning på 11,7 prosent. Dette er en langt sterkere vekst enn vi har hatt de foregående år."

(Økonomisk Utsyn over 1980, side 135).

Denne raskt veksande inntekta blir delt i to hovuddelar i statistikken, privat disponible inntekt og offentleg disponible inntekt. Den første hadde ein reell vekst på 7,7 prosent og den andre ein reell vekst på 19,5 prosent.

Statistisk sentralbyrå forklarar korleis det heng saman at privat disponible inntekt auker kraftig samtidig som kjøpekrafta for arbeidsfolk flest går ned :

"Den reelle økningen i samlet privat disponible inntekt falt i begge disse årene (1979 og 1980) i sin helhet på selskaper, herunder selskaper med utenlandske eierinteresser." (Økonomisk Utsyn over 1980, side 135). "Reallønn pr. årsverk gikk ned med 1,4 prosent fra 79 til 80. Dette var omlag samme prosentvise nedgang som året før". (s.134)

Når det gjeld den offentlege delen er omfordelinga like klar. Den kraftige veksten i 1980 hamna i statskassa. Kommunesektoren hadde ingen reell vekst frå 1979 til 1980. (Opplyst i Justert Langtidsbudsjett for Oslo 1981-85, side 6.)

Resultatet av det var rimeleg nok at statsbudsjettet for 1980 viste eit overskot på 13,4 milliardar kr, mens kommunesektoren sine 1980 budsjett tilsaman viste eit underskot på 3, 8 milliardar kroner. (LTP , side 193).

Det skulle dermed vere godt dokumentert at DNA-regjeringa dei siste tre åra har administrert ein omfordelingspolitikk til fordel for dei rike. Ein omfordelingspolitikk som i alle fall er einestående i etterkrigstida. Det politiske kunsstykkjet som DNA fortener honnor for, er at dei i praksis fører ein slik politikk, mens dei seier dei er for :

- "- sikre arbeid for alle
- opprettholde og utdype den standarden som er skapt i vårt velferdssamfunn
- bidra til større likestilling og bedre forhold for grupper som står svakt". (LTP side 1.)

Krise eller ikke krise ?

Det norske borgarskapet har mange problem med å administrere kapitalismen. Det ser ut til at den yrkesaktive delen av befolkninga blir stadig mindre. Den uproduktive helse/sosial og trygdesektoren har ut over 70-talet tatt ein stadig større del av nasjonalproduktet. Det raskt aukande produktivitetsjaget i industrien fører til at fleire og fleire blir utslitne og blir sett utafør produksjonen i nokså ung alder. Arbeidsløysa blant ungdom er eit særskild problem. Men borgarskapet er bunde av kapitalismens egne lover. Som vi såg innleiingsvis har DNA-regjeringa faktisk programfesta lova om maksimalprofitt. I dag fører jakta på maksimal profitt til at investeringane blir styrt i retning Nordsjøen og olja. Statistisk Sentralbyrå har rekna ut at avkastninga av investert kapital var 11 gonger så stor i Nordsjøen som i industrien på land i 1980. (Økonomisk Utsyn side 127). Kapitalistane sin kamp om å kome først i køen til desse svære oljeprofittane kjem til å føre til at mange bedrifter på land blir nedlagt. Ein del kapitalistar kjem til å tape i konkurransen. Dei store blir ~~større~~ www.arkivet.no (2020)

Kort og enkelt sagt kan vi rekne med raskt aukande problem i helse- og sosialsektoren fordi det er maksimal profitt for kapital-eigarane som er det overordna målet for statens politikk.

Tiltrua til den nye helse- og sosialpolitikken frå DNA og Høgre vil stå eller falle med tiltrua til det vrengebiletet dei gir av dei økonomiske forholda. Derfor treng vi faktisk kunnskap om den økonomiske situasjonen, og etterkvart større kunnskap om lovene som styrer utviklinga av kapitalismen.

Helse- og sosialpolitiske krav i ei omfordelingstid.

På 1960-talet fekk vi fleire lover der det er sagt at det er "befolkningens behov" som skal avgjere kor mykje som skal byggjast ut av helse- og sosialtenester. Eit hovudpoeng ved rammefinansieringssystemet som Stortinget vedtok for helseinstitusjonane i juni 1979, er at befolkningas behov ikkje skal verke inn på dei statlege bevilgningane. Tvert om er det no slik at statlege bevilgningar til helseinstitusjonane blir avgjort ut frå kor mykje den borgarlege statsmakta meiner dei har råd til å bruke til helsestell.

SV støtta denne strategiske omleggjinga. Vi må halde fast ved at

- det er arbeidsfolks behov som er grunnlaget for krav til helsevesen, sosialvesen og trygdeordningar
- kampen for helsevesen, sosialvesen og trygdeordningar er ein viktig del av kampen for å forsvare arbeidsfolks levekår. (Talet på folketrygdmottakarar er høgare enn LOs medlemstal).

Så gjeld det å formulere nokre hovudkrav. Regjeringas og Høgres syn er at nye tiltak og oppretthalding av dei viktigaste sektorane må sikrast ved omprioritering innanfor dei kommunale og fylkeskommunale budsjetta.

Regjeringas syn er at "en kan i prisnippet bedre den økonomiske situasjonen en del kommuner nå befinner seg i ved en kombinasjon av følgende metoder :

- Legge opp til en moderat aktivitetsøkning i kommunene.
- Bedre produktivitetsutviklingen i den kommunale tjenesteytingen.
- Styrke inntektsgrunnlaget (større vekt på avgifter, gebyrer, og priser for kommunale tjenester der dette passer).
- Stille krav til kommunene om å utarbeide realistiske langtidsbudsjett, samtidig som det blir innskjerpet at det er kommunenes eget ansvar å begrense sine utgifter innenfor de påregnelige inntektsrammer.
- Begrense omfanget av nye statlige påbud." (LTP side 204)

Og dei understreker vidare at "effektivisering og omprioriteringer bør kunne sikre at prioriterte oppgaver får sin løsnings innenfor disse rammene". (LTP side 204)

SV har møtt denne situasjonen i Oslo bystyre ved å stemme mot alle konkrete forslag frå RV om å kreve endringar i statens rammer. I mai la SV fram forslag i bystyret om å auke den kommunale inntektsskatten. SV har dessutan godtatt nokre av nedskjeringane i helsevesenet (stemte for å leggje ned Krohgstøtten og Betanien) og gått inn for å trappe ned delar av dei tekniske etatane i kommunen.

Det er staten som kvart år avgjer kva som er "påregnelige inntektsrammer" for fylker og kommunar. I 1980 fekk heile kommunesektoren eit samla driftsunderskot på 3,8 milliardar kr. Samtidig hadde statsbudsjettet eit driftsoverskot på 13,4 milliardar. (LTP, side 193)

I denne situasjonen står RV alene som parti om å fremme eit par hovudkrav som gjeld overføringa av pengar frå staten og til fylker og kommunar som er ansvarlege for å drive helse- og sosialvesenet :

"Vi krever at staten gir tilskudd som tilsvarer 75 prosent av driftsutgiftene ved de helseinstitusjonene som fylkene finner det nødvendig å bygge og drive. RV krever en primærhelse- og sosialtjeneste som dekker folks behov der folk bor. Kommunene må derfor sikres 75 prosent statlige tilskudd til drift, og rimelige lån til nyetableringer".(RVs program 1981, side 8).

3. Korleis blir Oslo

Både den rike overklassen og fleirtalet av Oslofolk som er vanlege lønstakarar eller pensjonistar vil få merke følgjene av omfordelingspolitikken svært kraftig.

Eit særtrekk ved Oslo er at det kommunalpolitiske leiar-skiktet er ute av stand til å lage realistiske budsjett og langtidsbudsjett. Eit par eksempel :

- Langtidsbudsjettet fram til 1985 vart vedtatt i bystyret i august 1980. I februar/mars 1981 var det klart at det var heilt urealistisk og Finansrådmannen vart sett til å omarbeide det. Ein ny versjon vart så vedtatt i mai 1981. Også den er urealistisk og vil berre få nokre månaders levetid. Hovudårsaka til dette er at leiinga i Oslo ikkje er i stand til å gjennomføre nedskjeringar så raskt som regjeringa og Stortinget krev.

- Oslobudsjettet for 1980 vart underskotbudsjett, først og fremst fordi bystyrefleirtalet hadde saldert budsjettet med heilt urealistiske påplussingar på det såkalla skatteanslaget.

- Oslobudsjettet for 1981 er i ferd med å sprekke kraftig bl.a. fordi politikarane ikkje har hatt mot til å stenge ein del sjukehusavdelingar. Dei nedskjeringane dei vedtok under budsjettbehandlinga i desember 1980 kan nemleg ikkje gjennomførast utan at mange sjukehusavdelingar blir tatt ut av bruk.

Derfor er alle politiske plandokument frå Oslo kommune svært lite troverdige. Men dette sitatet frå "Justert langtidsbudsjett 1981-85" seier i alle fall noko om tendensen og retninga :

"Forslaget for helse- og sosialsektoren representerer en sterk foreverring av utsiktene til å kunne yte den service på disse områder som det ble lagt opp til gjennom bystyrets budsjettvedtak for 1981. . . . Den ytterligere forverrede økonomiske situasjon gjør det nødvendig med enda hardere tiltak. Kravene til innsparing på de områder som var utpekt for dette skjerpes samtidig som de få utpekte vekstområder må akseptere stagnasjon eller redusert vekst. Disse åpenbart upopulære tiltak illustrerer alvoret i situasjonen. . . . Tiltakene for barn blir berørt ved at byggingen av barnehager må reduseres til 5 mill. pr. år i 1982-85 (ca. 2 barnehager pr. år) mot ca 11 mill. i kommuneplanen. Dessuten er det forutsatt en 40 prosents økning av foreldrebetalingen samt at bemanning og øvrige ressurser til driften skaffes ved nedleggelse av barnehager i de bydeler som har best dekning". (Justert Langtidsbudsjett for Oslo 1981-85, side 20-21.)

Videre blir det gjort greie for at sjukehusa skal spare aller mest. Samanlikna med budsjetta for 1981 skal drifta ved dei ulike sjukehusa reduserast slik :

Ullevål	reduksjon med	69,4 mill.	eller	12,6 prosent
Aker	reduksjon med	29,9 mill.	eller	11,8 prosent

Dei private sjukehusa reduksjon med 38, 1 mill. eller 12,4 %.

Viss dette blir gjennomført i løpet av 1982 slik planen no er, blir det nødvendig å leggje ned svært mange sjukehusavdelingar.

Det er heilt klart at "de påregnelige inntektsrammer" for Oslo er slik at mykje av den noverande helse- og sosialsektoren vil bli avvikla. Samtidig går bystyret mot å skjerpe skattleggjinga av den rike overklassen i byen.

Staten byggjer sin nedskjæringspolitikk på at det ikkje finst noko absolutt minimum når det gjeld kva nedskjæringar folk kan godta. Dersom arbeidsledigheta blir stor nok og dyrtida hard nok, vil det gå an å få folk til å jobbe f.eks. i helse- og sosialvesenet med mykje dårlegare løns- og arbeidsvilkår enn vi har i dag. Dei veit bl.a. at det finst mykje reservearbeidskraft i Noreg. Siste arbeidskraftundersøking frå Statistisk Sentralbyrå viste at det utanom dei bortimot 30 000 registrert arbeidslause, er 112 000 menneske som ville søkje arbeid dersom dei hadde sjanse til det. Dei blir kalla "mulige arbeidssøkere". I dag er dei uten lønna arbeid.

4. Korleis blir DNA sin helse- og sosialpolitikk ?

DNA meiner sjøl dei trengst fordi "vi skal fortsette en rettferdig fordelingspolitikk". (Ivar Leverås i Aftenposten, 4. mai 1981). Men den urettferdig omfordelingspolitikken dei faktisk fører får følgjer på stadig fleire område :

Barnehagar : Regjeringas lovnad om 100000 barnehageplassar innan 1981 vart ingenting av . Medrekna alle mulege korttridsopplegg har dei nådd 78 000. I Oslo dekker staten 18 % av driftsutgiftene. På landsbasis dekker staten 27-28 prosent. Statstiskotet skal no aukast til omlag 35 % som landsgjennomsnitt. Men førsetnaden for dette er at kommunane sørger for ei kraftig heving av foreldrebetalinga . Det er første gong ei regjering oppfordrar kommunane til å sørge for at barnehagane blir dyrare. Det auka statstilskotet blir finansiert ved ein kraftig reduksjon i matvaresubsidiane. Dei blir redusert svært kraftig, og det er faktisk berre ein liten del av innsparinga her som skal brukast til statstilskot til barnehagar. Statens samla utgifter til Familie og Forburkerpolitikk går ned med 7,8 prosent frå 1981 til 1982. (Kjelde : LTP side 199).

Resultatet blir : Dyrare barnehagar, finansiert ved hjelp av kraftig dyrare mat. Det er DNAs og Sissel Rønbecks "nye" politikk i eit nøtteskal.

Eldreomsorg : Regjeringas program for 1980-åra er fullt av overskrifter som også gjeld dei gamle :

- Et støttende og stimulerende nærmiljø
- Kontakt og samvirke i organisasjoner
- Et solidarisk samfunn
- Trygghet og helse
- Felleskap og tilhørighet.

Men framleis er det 2500 pleietrengjande gamle i sjukeheimskøen i Oslo Og kvart blir omtrent 10 prosent av denne køen avvikla ved at gamle folk svelt i hel eller døyr av sjukdom utan noko tilsyn i leilighetene sine, og så blir dei etterpå fjerna av politiet når liklukta blir plag-sam i oppgangen. Eldreomsorga i Oslo er prega av endelause og livsfarlege køar.

Statistisk Sentralbyrå har rekna ut at 200 000 personar har ulønna heil-

dagsjobb med r... for barn eller pleietrengjande vaksne. (Kjelde : LTP side 123). 95 % av desse er kvinner. Regjeringa går her inn for utjamning i lønna ved å gjere det lettare for menn å ta på seg slike ulønna oppgåver. "Regjeringa vil legge forholdene til rette for at yrkesaktive menn kan spille en større rolle i omsorgen for barn og hjelpetrengende vaksne". (LTP side 124)

Regjeringa vil basere seg på at det private ulønna omsorgsarbeidet skal fortsette : "Om offentlige institusjoner alene skulle ivareta alt somrøgsarbeid, ville ikke samfunnets økonomiske bæreevne strekke til". (LTP s.123)

Og dette er ikkje nok. Ulønna privatomsorg skal trappast opp. Bruken av lønna omsorg i institusjonar skal trappast ned. "Siktemålet må vere å få et mindre skarpt skille mellom institusjoner og andre tiltak. F.eks. bør sykehjem kunne tjene som en kortvarig avlastning for pårørende i særleg vanskelige perioder". (LTP side 167).

Fram til no har den enkelte pasientens behov for pleie vori kriteriet som gir grunn til innleggjing i sjukeheim. Heretter skal kriteriet vere om "de pårørende" er så utstiltne at dei treng ein liten pause for å kome til krefter igjen.

Folketrygda.

Folketrygdsystemet er problematisk for brogarskapet. Det vart laga av reformivrige politikarar på 1960-talet. Dei tok ikkje noko omsyn til kapitalen sine behov på 1980-talet. Systemet er slik at utgiftene vil auke automatisk fordi det blir fleire som tener opp rett til tilleggs pensjon og fordi det blir fleire pensjonistar. Det er lovbestemt at Grunnbeløpet i trygda skal auke i takt med prisstigninga, og alle yttingane er rekna ut i forhold til Grunnbeløpet. Dette gjer at realverdien på utgiftene til alderspensjon vil auke med 3,2 prosent kvart år framover. - Viss ikkje systemet blir endra.

I tidlegare valkampar har partia konkurrert om kven som først foreslo folketrygd som system.

No er det slik at regjeringa Harlem Brundtland er først ute med å gå inn for å endre systemet. Foreløpig seier dei det svært diffust :

"Regjeringa mener ellers at utviklingen og variasjonsbredden i de sosiale problemene krever en klarere grensedragning i oppgavefordelingen mellom trygdesystemet og den kommunale sosialomsorgen og vil se nærmere på dette". (LTP side 168). Dette er nemnt i vage ordelag fleire stader.

I avsnittet om "Hovedtrekkene i det økonomiske opplegget" forklarer regjeringa kvifor både folketrygda og andre overføringer til dei uproduktive sektorane må reduserast :

"Det er nødvendig å vurdere en del av de kostbare overføringsordningene. En slik begrensning er nødvendig for å unngå fortsatt press oppover på skattenivået og for å skape tilstrekkelig rom for kredittfinansierte investeringer i næringslivet". (LTP side 108).

Sagt i klartekst betyr dette : Utgiftene til folketrygd og til helsevesen (dei er dei to kostbareste "overføringsordningene") skal kuttast slik at pengane heller kan lånast ut til næringslivet slik at dei får før sterkaste bedriftene kan finansiere rasjonaliseringstiltak som auker profitten og produktiviteten.

Regjeringa kjem sikkert ikkje med konkrete forslag om dette før valet. Men i løpet av Stortingsperioden må vi rekne med at dei tar til med den vanskelege nedbyggjinga av Folketrygda.

Barnetrygda har auka kraftig sia 1977. Satsen for 1 unge er tredobla og for 2 unger omtrent fordobla på 4 år . Denne barnevenlege politikken blir det slutt på no. Regjeringa varslar at satsane ikkje skal endrast i dei næraste åra.

Statens sosialbudsjett . Sosialdelen av statsbudsjettet (utanom trygdebudsjettet) skal reduserast. Reduksjonen frå 1981 til 1982 er planlagt å bli omtrent 370 mill. kr eller 3 prosent. Det er uklart kveiss det vil slå ut-.

DNA's nye helse politikk skal bli prega av to faktorar :

- strammere økonomiske rammer. -
- forandringar i helseproblemene - kroniske sykdommer og -
sykdommer som skyldes miljø og livsstil blir de viktigste helseproblemene . (LTP side 166).

"Livsstilssykdommene må angripes på en annen måte enn tidligere tiders smittsomme sykdommer. Det må arbeides på to plan - ved å forandre de trekkene ved samfunnet som skaper problemer : det fysiske og sosiale miljøet, forurensing, bomiljøet, trafikksystemet osv - og dels ved å få enkeltindividet til å ta bedre ansvar for sin egen helse. Helsepolitikken vil derfor i økende grad bli av ikkemedisinsk karakter. Dette må det tas hensyn til ved utdanningen av helsepersonell". (LTP side 167)

For det første må ein jo da seie at regjeringas langtidsprogram sørger for å gjere vondt til verre når det gjeld "de trekkene ved samfunnet som skaper problemer". Verre er det at dei opptrer som om det berre finst to slags sjukdomsgrupper. Nemleg dei gamle smittsame sjukdomane og nye livsstilssjukdomar der poenger er å få den enkelte til å ta betre vare på seg sjøl.

Rygg- og hofteslitasje er typisk livsstilssjukdom. Arbeidsfolk har sliti hardt og fått skader-. Det er i dag 10 000 som står på venteliste rundt i landet før å få utført enkle ortopediske operasjonar for slike "livsstils"-sjukdomar. Nedskjæringane i helsestellet gjer at dei må vente i årevis. Nokre sjukehus har slutta å ta inn nye på ventelistene. Dei kan bli kvitt smertene ved enkle kirurgiske inngrep. Det dei kan gjere for "å ta vare på egen helse" er å ta smertestillande preparat slik at dei klarer å overleve.

Å oppretthalde ein forsvarleg standard i helsevesenet skulle ikkje vere ein uoverkomeleg oppgåve. Staten bruker i dag ikkje meir enn 7-8 milliardar til helseinstitusjonar. Om dette vart auka med eit par milliardar ville det hjelpe svært mykje. Samanlikna med at staten i 1980 hadde eit driftsoverskot på 13,4 milliardar , er det klart at det dreier seg om relativt små beløp. Dårlegare standard på helsestellet er ein del av prisen vi må betale for den svært raske nedbetalinga av utanlandsgjelda som DNA-regjeringa skal gjennomføre.

5. SVs helse- og sosialpolitikk.

SV har stemt for fleire av dei viktige nedskjæringsvedtaka i Stortinget. I 1976 var dei med på å redusere statstilskotet til helseinstitusjonane frå 75 til 50 prosent. I 1979 stemte dei for å oppheve 50-regelen og innføre ei rammefinansiering som sikrer at statsstøtta skal fastsettast ut frå kva borgarskapet har råd til og ikkje ut frå kva befolkninga treng. -

I helse- og sosialkapitlet i SVs Stortingsprogram i år er ikkje finan-

sieringsordningane nemnt med eit ord . I eit kapitel om kommuneøkonomien går dei generelt inn for "kraftig økning av de statlige overføringene til kommunene".

I Oslo bystyre har SV hatt ein pussig praksis, som kan summerast opp i desse punkta :

1. Dei har stemt mot alle konkrete forslag om å stille krav til endringar i DNA-regjeringas økonomiske politikk overfor OSLO.
2. Dei har stemt mot dei fleste av RV sine forslag om større bevilgningar til helse- og sosialvesenet. Men på nokre få punkt har dei sjøl lagt fram egne forslag.
3. Dei har aktivt støtta nokre viktige nedleggjingsforslag, slik som da dei skifta standpunkt i april 1980 og gjekk inn for å stanbse sjukehusdrifta ved Krohgstøtten og Betanien.
4. Hovudmetoden for å oppretthalde helse- og sosialvesenet er å byggje ned delar av dei tekniske etatane.
5. I mai 1981 la SV fram forslag om å heve den kommunale inntektsskatten med onlag 1 prosent.

Hpvudsaka for SV har vori å unngå-å kome på klar kollisjonskurs med den økonomiske politikken som DNA-regjeringa fører. --Det er imidlertid stor opposisjon mot bystyregruppas politikk blant SV-medlemar og sympatisørar. Truleg er det også mange av dei som synst det er ille at Stortingsprogrammet til SV ikkje reiser dei konkrete krava som RV har tatt opp. (.. se øverst på side 5 i denne innledinga). Slik kan ein seie at SV er splitta mellom eit leiarsjikt som vil unngå kollisjon med DNA og eit grunnplan der mange er sand med RV i store delar av helse- og sosialpolitikken.